



**Vi skriv 2. juli, men førebels har vi ikkje registrert det store turist-innrykket i båthamnane våre.**

**Midt på dagen i dag var det fleire uskedelingar enn turistar som gjorde seg klare for ein tur på fjorden med Uskedal Båtlag si hamn som utgangspunkt.**

**Og utlendingane har så langt truleg frista heilt med sitt fråver.**

- Du får skriva at vi er turistar i eiga bygd, sa Bjørn Olav Tveit før han la utpå.

Men til slutt lukkast det oss å lokalisera 1 Bergen-båt og 4 Stavanger-båtar - dei siste i selskap. Forklaringane på at talet på besøksbåtar så langt har vore heller beskjedent går både på kaldt ver og at fellesferien ikkje har starta.

Men kvifor kom så Bergen-båten til Uskedalen for første gong?

Her er svaret:- Vi kjem frå Kinsarvik og skulle leggja inn ein stopp ein stad. Rosendal vart første stopp. Vi vart imponerte over den nye og fine hamna og dreg nok ein gong attende dit, men tenkte at det kanskje var betre for ungane å gå til Uskedalen. Og her er det god plass i ei flott hamn - til og med for storinnrykk! Vi kom i går, men stortrivs allereie.

På biletet sit Kjetil Daae Børnes, Merethe Madsen, Karen og Eirik Daae Børnes og Marius Martinussen.

Til kvelds kjem det sikkert langt fleire sjøvegen.

Av Ola Matti Mathisen